

# ÅRSMELDING 2018

## VALLDAL IDRETTSLAG

### **Styret 2018 -**

- |                         |                                 |
|-------------------------|---------------------------------|
| • Einar Hoel            | leiar                           |
| • Anders Rem            | nestleiar                       |
| • Trond Håvoll          | kasserar                        |
| • Liv Marit Indreeide   | skrivar                         |
| • Silje Sandøy Grønning | styremedlem, ansvarleg klubbhus |
| • Torkjell Døving       | leiar fotballgruppa             |
| • Børge Heggen Johansen | nestleiar friidrettsgruppa      |
| • Jan Ole Fuglem        | leiar skigruppa                 |
| • Andreas Håvoll        | leiar trimgruppa                |
| • Richard Moen          | leiar disk sport                |
| • Odd Lennart Vikene    | 1. varamedlem                   |
| • Ellisiv Valdal Jarvik | 2. varamedlem                   |

### **Styrearbeid -**

Det har vore gjennomført 9 styremøte i 2018 og behandla 51 saker. Oppmøte til styremøte er godt og det er eit godt samarbeid i styret. 1.varamedlem er alltid innkalla og møter på styremøte.

### **Medlemmar –**

For 2018 er det registrert 288 betalande medlemmar. Det er ein liten auke frå 2017, Laget nyttar Klubbadmin for registrering av medlemskap, innkreving av kontingent og oppfølging av betaling. Gjennom Klubbadmin ivaretak laget også krava om personvern ved registering og oppbevaring av medlemsopplysningar.

Ein stadig tilbakevennande diskusjon er kravet om betalt medlemskontingent. Alle som deltek aktivt for Valldal IL i fotball, ski, friidrett, osv skal vere medlem. Spørsmålet vert stilt for dei som brukar laget sine anlegg og trenings-/trimtilbod. Dette gjeld også bruk av idrettshallen som idrettslaget får tilgang til for trening og aktivitet. Det vert oppmoda om å vere medlemmar, men det er vanskeleg med tvang eller nekte deltaking. Det vil vere vanskeleg å kontrollere medlemskap for alle som går i lysløypa.

### **Representasjon –**

Anders Rem har i 2018 vore leiar i Norddal Idrettsråd.

Valldal IL har delteke i dialogmøter for frivillige lag i Norddal kommune og på møter/informasjon frå Møre og Romsdal Idrettskrets

Einar Hoel er representant i arbeidsgruppe for utvikling av Valldalsleia.. Bakgrunnen for dette er at Valldal IL har olsokarrangement.

### **Bygg og anlegg-**

Etter fleire år med hektisk bygge- og anleggsaktivitet, har 2018 vore eit rolegare år på dette området

### **Klubbhuset**

I 2018 vart det gjort avtale med Tafjord Marknad om fibertilknyting til klubhuset. Det kom på plass på seinhausten. Det har god hastigkeit og er nyttig både til eige bruk av klubhuset og for leigetakarar.

Det bør også nemnast at etter at salen og gangen på klubbhuset vart renoverert har etterspørselen for leige av huset auka.

### Kunstgrasbana

Ved store nedbørsmengder har det vist seg at dreneringa langs kanten på kunstgraset har fungert dårlig. Masse som er brukt, er for tett slik at vatnet ikkje har gått ned i grøftene. Fotballgruppa organiserte og endra dette i 2018. Grasmatta vart løfta opp og toppmasse over dreneringsgrøfta vart bytta ut med singel. Dreneringa har fungert godt etter dette vart gjort.

### Valldal stadion

Det er krevjande å halde Valldal stadion i god stand. Det gjeld både friidrettsdelen og fotballbana. Friidrettsbana vil gro til og det er nødvendig med javnleg slodding. Det vart gjort nokre gonger i 2018, men ikkje ofte nok.

Fotballbana er slitt og det er mykje ugras. Det er planen å sprøyte ugraset og så opp att med grasfrø. Heller ikkje i 2018 kom fekk vi gjennomført dette arbeidet.

Det vart gjort ei vurdering av å legge tartandekke på løpebaner. Det vart innhenta ei grov kostnadsvurdering, men med ein kostnad på om lag kr 4,0 mill valde styret å avvente vidare arbeid med eit slikt prosjekt.

### Lysløypa

Arbeidet med omlegging av lysløypa inn mot stadion og eit mindre skileikområde vart fullført i 2017. I 2018 fekk begge desse mindre anlegga tildelt spelemidlar. Rekneskapa kunne difor avsluttast.

Omlegging av lysløypa fekk ein totalkostnad på kr 298.469. Finansiering med 100.000 i spelemidlar, 100.500 frå Norddal kommune, kr 52.643 i mva-kompensasjon og kr 35.520 i dugnad. I tillegg ein liten eigenandel frå laget.

Skileikområdet hadde ein total kostnad på kr 88.388. Finansiering med kr 44.000 i spelemidlar, kr 15.578 i mva-kompensasjon og kr 10.500 i dugnad. Også her ein liten eigenandel på idrettslaget

### Reservearena ski-skiskyting

På årsmøte 2017 i skigruppa vart det teke initiativ til å starte arbeidet med reservearena for ski og skiskyting på Grønningsæter/Høghjelle. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe der også leiar i Valldal IL er med. Det har kome positive uttalar frå både ski og skiskyting regionalt til eit slikt anlegg på ein snøsikker plass. Kommunestyret har også vore på synfaring. Det vert prioritert er å få etablert avtalar med grunneigarar og lage plan for løyper og installasjonar.

### Ressursgruppa

Gruppa har ikkje vore vore so aktiv som tidlegare år, men også i 2018 er det gjort ein del viktige og nødvendige oppgåver.

Valldal IL takkar så mykje ressursgruppa for det kvar enkelt har gjort for laget i 2018.

### Anlegg- og utstyrsplass

I 2018 vart det laga ein anleggs- og utstyrsplass for Valldal IL. Denne gjev oversikt over laget sine anlegg og utstyr. Den har lista opp aktuelle utbyggingsar og innkjøp. Fordeling av ansvar for vedlikehald og drift av anlegg/utstyr er teke med og likeeins økonomiske forhold. Planen skal gjennomgåast kvart år.

### Idrettsskulen

Det har ikkje vore idrettsskule i 2018. Det viser seg å vere vanskeleg å få nokon å ta ansvaret for dette tilbodet i tidsrommet som er aktuelt på ettermiddag.

## **Open hall**

I første halvår 2018 var det tilbod om å bruke idrettshallen på fredagar frå kl 19.00 og 2-3 timer utover for ungdom i vidaregåande alder og oppover. Det er ulike aktivitetar som ungdommen sjølv styrer og det er ei forelder-/voksevakt tilstades. Oppslutninga har vore litt varierande. Tilbodet vart ikkje vidareført i andre halvår, då interessa for dette var liten.

## **Badminton**

Det har vore tilbod om badminton i idrettshallen ein gong pr veke i vinterhalvåret. Det har vore bra oppslutning om dette tilbodet. Mange synes dette er ein flott aktivitet.

## **Nettside**

Nettsida [www.valldalil.no](http://www.valldalil.no) er brukt både som informasjonskanal, men også for å omtale aktivitet i laget og ulike grupper. Det er Facebook-grupper for Valldal IL, ski, fotball, og trim, friidrett og disk sport for informasjon

## **Tilsette –**

I 2018 har Julie Heggen og Louise Heggen vore tilsett reinhaldar på klubbhuset. I tillegg er det avtale med Anders Rem om tilsyn og forefallande arbeid på klubbhuset.

Det er lønna personar for vedlikehald og stell av kunstgras- og grasbane, og sjåførar til trakkemaskin.

Rekneskap vert ført ved Norddal Reknesakskontor AS.

## **Reint idrettslag**

Valldal IL har i 2018 arbeidd med å verte sertifisert som Reint idrettslag med omsyn til doping. Arbeidet starta med besøk av representant frå Antidoping Norge. Det er vidare laga ein antidoping strategi. Det er forventa at laget vert sertifisert første halvdel av 2019.

## **Beredskapsplan**

Hausten 2018 vart det starta arbeid med å lage ein beredskapsplan for Valldal IL. Denne skal gjelde dersom alvorlege hendingar rammar laget eller medlemmar. Arbeidet stoppa opp, men vert fullført i 2019.

## **Arrangement -**

Marknaden var lagt til kultursalen i Martin Linge huset først i april. Det var god oppslutning om arrangementet og det er ei god inntektskjelde for lage. Overskot i 2018 var i overkant av kr 40.000. Det var åresal, tombola, lister og sal av mat og drikke.

Olsok og Mefjellet opp er også årvisse arrangement. Som vanleg var mange i aksjon og hjelpte til, men slutten av juli er ferietid og ein del har ein hektisk arbeidsperiode, slik at det kan vere krevjande å få saman arbeidslistene. På olsoklaurdagen i 2018 var veret nesten for flott og varmt slik at det publikumsoppslutninga ikkje var like stor som tidlegare år. Totalt ga desse arrangementa netto inntekt i overkant av kr 100.000. Kr 56.000 av dette er overført til gruppene.

Mefjellet opp var prøve-NM for 2019. Det var rekorddeltaking i klassene med tadtaking, medan i mosjonsklassa var deltakinga skuffande.

## **Økonomi –**

Samla rekneskap for 2018 viser eit positivt resultat på kr 33.208,-. Alle undergrupper har pluss i sine rekneskap medan hovudlaget har ei underskot på kr 133.749.

Valldal IL fekk i 2018 kr 55.587 frå Grasrotandelen, Norsk tipping. Dette er ein stor auke frå 2017. Takk til alle som støttar Valldal IL gjennom Grasrotandelen.

Kulturmidlar fekk frå Norddal kommune med kr 5.333, og lokale aktivitetsmidlar, som er eit statleg tilskot til idrettslaget utgjorde kr 48.388 Laget fekk kr 55.442 i mva kompensasjon på drifta i 2018.

Samla inneståande i kasse og på konto pr 31.12.18 var kr 1.053.246.  
Det vert elles vist til rekneskapet for 2018.

Til sist vil vi takke alle som støttar Valldal Idrettslag. Svært mange firma og andre, både lokalt og i regionen, stiller opp når det er spørsmål om støtte, annonser, gavepremiar eller anna hjelp. Dette er særsviktig for å kunne drive eit idrettslag. Vi vil også takke kvar enkelt som stiller opp for idrettslaget og idretten i Valldal. Dette gjeld alle som har teke på seg verv i styre og grupper, leiarar og trenarar, dei som står i kiosk og kafe, dei som organiserer og hjelper til på arrangement og utfører større og mindre oppgåver. Kvar og ein er viktig for at idrettslaget skal fungere.

Valldal 31.12.18/27.3.2018

Valldal IL - styret

Einar Hoel	Anders Rem	Trond Håvoll	Liv Marit Indreeide	Silje Sandøy Grønning
Torkjell Døving	Børge Heggen Johansen	Jan Ole Fuglem		Andreas Håvoll
Richard Moen				

# ÅRSMELDING 2018

## VALLDAL IL - DISKSPORT

### **Styret**

- Richard Moen (leiar)
- Terese Jemtegård Moen (kasserar)
- Hogne Telford Grønningssæter (styremedlem)
- Henrik Engeseth Andersen (styremedlem)

### **Styrearbeid**

Styret har ikkje hatt offisielt styremøte i 2018. Styret har arbeid med å gjennomføre aktivitetane i tråd med årsplanen og budsjettet.

### **Representasjon**

Gruppa stilte med ein representant på den årlege nasjonale klubbleiarsamlinga på Gardermoen. Der blei det tatt opp saker som klubbutvikling, informasjon frå NAIF og seksjonen, diskgolfkomité, barneidrett, seksuell trakassering, trenarkurs m.m.

### **Tal på aktive og aldersfordeling**

Gruppa har offisielt berre 12 medlemmar. Det er 1 person i alderen 6-12 år, 1 i alderen 13-19 år, 5 i alderen 20-25 år og 5 i alderen 26 år og over. Kjønnsfordelinga er 10 menn og 2 kvinner. I tillegg til desse 12 medlemmane har vi også personar som kastar frisbee og er medlemmar av andre grupper i Valldal idrettslag.

### **Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald**

Valldal IL Disksport er så heldige at vi får låne område/bane ved Jemtegård Feriesenter, der vi bidrar med dugnad for å halde ved like banen. Vi har hatt fleire dugnadar gjennom året, og innsatsen og viljen til å bidra har vore stor. Det har vore dugnadar i høve arrangement og til generell vedlikehald av bana. Vi har i tillegg laga tre heilt nye hol. No har vi ei fullverdig 18-holsbane med 18 individuelle korger. Klubben har kjøpt inn material til 2 utkast og 2 korger (hol 8 og 9) og står som eigar av desse.

### **Arrangement**

Vårslepp laurdag 5. mai blei ein stor suksess med mange påmelde, mykje takka vere at den var ein del av Sunnmørstouren. 39 deltakarar fullførte 2 x 15 hol pluss 5-holsfinale for dei fire beste. Vi fekk gode tilbakemeldingar for både godt arrangement og artig bane.

27 deltakarar møtte opp til Jemtegård Open laurdag 11. august. Vi rakk så vidt å gjere ferdig dei tre nye hola rett før turneringa og var veldig klare for ei ordentleg 18-holsrunde. Runden blei gått to gongar før dei fire beste spelte finale på 5 hol.

Vi flytta klubbmeisterskapet tilbake til hausten, då det ikkje blei fleire deltakarar på våren. Vi måtte i tillegg utsetje konkurransen til 7. oktober, men det var heldigvis ikkje noko problem. 12 personar møtte opp til klubbmeisterskapet.

### **Aktivitet, trening, konkurransar**

Vi har også i 2018 trena på putting i idrettshallen på vinteren, men no berre med ei korg. Sidan oppmøte stort sett har heldt seg på 2-4 personar per gong, har ikkje behovet for to

korger vore til stades. I sesongen, eller når det har vore vær og føre til det, har vi trent fast på Jemtegård. Det var først meinings å trenere teknikk og ha ein fast ansvarleg kvar gong.

Interessa har derimot ikkje vore der og vi har difor gått vanlege rundar.

Etter fleire år med auka deltagarantall på Vekas runde, har det i 2018 vore ei lita nedgang. Det har møtt fram 3-15 personar per gong på Vekas runde, der gjennomsnittet var 8 personar. Noko av årsaka til dette har vore flytting pga. studie og jobb.

## **Resultat**

I Valldal vann Eirik Lødøen både Vekas runde samanlagt og klubbmeisterskapet.

På Sunnmørstouren var vi 9 personar som deltok på ein eller fleire av dei 4 turneringane som var ein del av touren. Samanlagt fekk Per Jomar Nerli ein delt 3. plass i klassa Rekreasjon, Terese Jemtegård Moen vann dameklassa framføre Linda Lødøen. I klassa Open var Richard Moen beste valldaling med 10. plass.

I Norgescupen var det berre Richard som deltok frå Valldal og han var med på alle fem. Det enda med 3. plass samanlagt i klassa Grand Master.

Vi var 5 personar som deltok i Europacupen i Langevåg. Her fekk vi blant anna måle krefter med verdsmeister Gregg Barsby og to tidlegare europameistrar. Målet her var å ha det kjekt, lære teknikk, unngå sistepllass og bli beste valldaling.

## **Økonomi**

Gruppa har hatt utgifter på 24.881,84 kroner og inntekter på 28.505,00 kroner. Dette gjev eit overskot på 3.623,16 kroner. Per 31.12.18 var saldoen 12.874,09 kroner.

Valldal 12.03.19

## ÅRSMELDING VALLDAL IL - FOTBALL

### **Styret, arbeidsgrupper/ansvarlege**

Styre har i 2018 bestått av:

- Torkjell Døving, leiar
  - Kenneth Hovden, nestleiar, materialforvaltar, ferjekort-, fairplay-ansvarleg, programblad
  - Anett Steinnes, kiosk-, draktansvarleg, skrivar, futsal, programblad
  - Cato Heggen, kasserar
  - Ann Kathrin Høihjelle, kiosk- og draktmedhjelpar
- 

- vara Liv Hanne Svensvik
  - 2. vara Torgeir Sunde (dugnadsnemnd)
- 

Andre ansvarlege:

- Anders Rem, dommar- og baneansvarleg og dugnadsnemnd
- Marius Moe, trenarkoordinator, grendacup-ansvarleg
- Richard Moen, FIKS ansvarleg

### **Styrearbeid**

Styret har hatt 4 styremøter, samt aktivt styrearbeid på fotballstyret si facebookgruppe.

Av saker det er blitt jobba med er:

- Programbladet
- Påmelding aktive
- Påmelding lag til kretsen
- Dispensasjoner
- Overgangar
- Kretskontakt
- Rekneskap
- Budsjett
- Fakturering og betalingsoppfølging
- Betaling
- Lagleiar-/trenarmøter
- Arrangement

### **Representasjon**

Valldal IL Fotball var nominert til årets arrangør av Tine Fotballskule. Anders Rem deltok på prisutdelinga på årets Fotballgalla i Ålesund. Vi rakk dessverre ikkje til topps denne gongen, men er godt nøgd med nominasjonen.

## **Tal på aktive, trenarar, lagleiarar, dommarar**

Det var 122 aktive fotballspelarar i 2018 - born, ungdommar og vaksne.

Av desse var det 54 jenter og 52 gutter blant dei aldersbestemte. Med andre ord over 50% jenter, noko som er spesielt gledeleg.

16 stk var aktive på herrelaget.

Vi deltok med 12 lag i kretssystemet. Av desse eitt samarbeidslag med NEG (J16).

For desse laga har vi hatt tilsaman 23 trenarar og lagleiarar. Fleire av desse har hatt fleire roller. Av desse var det 8 kvinner.

Valldal IL Fotball har på det jamne 2-4 dommarar som stiller opp og dømmer dei fleste heimekampane til Valldalslaga.

## **Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald**

Vi har hatt dugnad med m.a.:

- Drenering rundt kunstgrasbana. Valgt løysning ser ut til å fungere bra.
- Utkøyring programblad
- Etablering av nytt lager for drakter og utstyr i klubbhuset
- Drift av stadionskilt på kunstgrasbana
- Vinterførebuing på banene

Det er investert i treningsutstyr til både grasbanene og til aktivitet i idrettshallen.

## **Arrangement**

Det har i hovudsak blitt arrangert fire sportslege arrangement i 2018. Dette er Tine Fotballskule på stadion, to futsal-turneringar og julegrendacup'en i Martin Linge-huset. Alle arrangementa vert sett på som svært godt gjennomført.

## **Aktivitet, trening, konkurransar**

Vi har delteke på om lag 90 seriekampar. Av desse halvparten på heimebane.

Dei fleste laga har delteke på opptil fleire cup'ar og turneringar. Dei yngste laga (t.o.m. 9år) har delteke i kretsen sitt turneringssystem med 4 turneringar pr år.

Valldal IL Fotball har i vinter hatt med to 2006-gutar på satelittsamlingar hos Herd. Uttak til bylag skjer våren 2019.

## **Økonomi**

Driftsresultat 2018 er positivt på kr 139.414,-.

Dette bidreg positivt til ein frå før svært god økonomi i fotballgruppa.

Valldal 12.03.2019

Styret

## **ÅRSMELDING 2018** **VALLDAL IL - FRIIDRETT**

### **Styre:**

- Magne Eivind Glomnes, leiar
- Børge Heggen Johansen, nestleiar
- Jacek Wilczura, kasserar
- Cathrine Berli, skrivar

Ann Kristin Godø Hoel og Øyvind Reiten har vore varamedlemar.

### **Styrearbeid:**

Det har berre vore eitt styremøte i 2018, elles har det vore kontakt via e-post/messenger. Leiar har også vore i møte med naboklubbane om Storfjordstemnet.

### **Tal på aktive, ev aldersfordeling –**

Det er mange aktive i dei yngste klassane utifrå deltaking i friidrettscupen. Nokre ungdomar og veteranar er elles aktive i trening og nokre konkurransar i løpet av sesongen.

### **Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald –**

Det har ikkje vore gjort noko særskilt i høve anlegg, drift og vedlikehald i 2018.

### **Arrangement:**

Friidrettscup i samarbeid med Liabygda IL, to cupar på heimebane. Storfjordstemnet vart arrangert som treningsstemne i samarbeid med naboklubbane i Eidsdal siste torsdagen i august. Dette inngjekk i friidrettscupen. Dette var vellukka med betre oppslutning enn då det vart arrangert ein søndag.

Deltaking totalt var noko lågare enn dei to siste åra med 40 samanlagtpremiar.

Mefjellet opp og Jordbærdilten vart arrangert dei to siste helgene i juli som vanleg. God oppslutning om begge arrangementa.

### **Aktivitet, trening, konkurransar – og resultat**

Det har ikkje vore gjennomført organisert trening i 2018. Valldal IL deltok på Norddalstafetten i Eidsdal i september med tre lag og kom heim med like mange pokalar. Gutar, jenter og damer. Det var nok ein gong utfordrande å få lag til stafetten. Nokre løparar har delteke på ulike konkurransar på landeveg, terreng eller motbakke med gode resultat.

## **Økonomi:**

Rekneskapen viser eit underskot på kr. 3.959 i 2018. Kretskontingent på kr. 4000 og premiar til friidretscupen utgjer dei største utgiftene. Kr. 5000 frå Olsok og elles berre inntekter i samband med friidretscup er for lite til å kunne ha ballanse i rekneskapen.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2019.

Valldal 6. mars 2019

Friidrettsgruppa Valldal IL, styret

Magne Eivind Glomnes, Børge Heggen Johansen, Jacek Wilczura, Cathrine Berli

## **ÅRSMELDING 2018** **VALLDAL IL - SKI**

### **Styre**

Styret har bestått av

- Jan Ole Fuglem leiar
  - Aksel Indreeide nestleier;
  - Geir Arne Myren kasserer,
  - Anne Gry Myklebust Vestre styremedlem,
  - Juliette Bechtold styremedlem
- 
- Per Jomar Nerli 1. vara ( møter fast)
  - Hans Martin Gjedrem 2. vara

### **Arbeidsgrupper**

Følgende arbeidsgrupper har fungert siste år

#### **Trakkemaskingruppe**

Magne Hoel  
Fridjon Døving  
Terje Hoel  
Aksel Indreeide

#### **Skikafe/premienemnd**

Anne Gry Myklebust Vestre  
Juliette Bechtold

#### **Treningsnemnd**

(langrenn/skiskyting)  
Per Jomar Nerli  
Anne Gry Myklebust Vestre

#### **Tilsynsnemnd Lysløype**

Magne Hoel  
Kjell Vad  
Terje Nerhus  
Aksel Indreeide

#### **Sonekontakt**

Jan Ole Fuglem

#### **Anleggsnemnd skiskyting**

Jan Ole Fuglem  
Per Jomar Nerli  
Hans Martin Gjedrem  
Anne Gry Myklebust Vestre

#### **Programbladnemnd**

Per Jomar Nerli  
Linda Gjerde Myren

#### **Rennavvikling**

Jan Ole Fuglem  
Per Jomar Nerli  
Anne Gry Myklebust Vestre

#### **Nettside**

Magne Eivind Glomnes

## **Styrearbeid**

Styret har møter etter behov men jobber godt gjennom hele året. Gruppen fungerer fint oppgaver løses fint ved behov. Det er avholdt tre styremøter i løpet av året 2018

## **Representasjon**

Sesongen ( høsten) 2018 har Valldal il hatt løpere på kretslag og Storfjordlangerenn.

Kretslag, Eskil Linge Glomnes

Storfjordlangrenn; Eline Mathea Myren, Elida Fuglem, Silje Nerli, Emma Sofie Nybråten og Laurits Linge Glomnes.

Eskil Linge Glomnes deltok på Møre og Romsdals sitt stafettag i Kong Haralds ungdomstafett i Holmenkolen

## **Aktive**

ca 25 - 30 aktive er på trening fast. Aldergruppe 1 - 10 klasse. På skiksyttetreninger er vi i alt 15 aktive.

## **Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald –**

Trakkemaskina er i godt vedlikehold og fungerer bra, Skjeldalfres brukes i størst grad høst ved tidlig snø. Det er kjøpt inn noe treningsutstyr dei siste åra. Laget har om lag 20 par skøyteski og 12 par rulleski til utlån. Gruppa eig sju skiskyttervåpen og to skivekikkerter.

## **Arrangement**

Laget arrangerte 3 cup renn i Storfjord cup, ett sonerenn, Valldalsmesterskap. Midt-Norsk mesterskap ble arrangert i Valldal 2018, ca 160 utøvere lørdag og søndag.

## **Aktivitet, trening, konkurransar**

Det har også i sesongen 2018 høg aktivitet i laget.

Vi startet opp med treninger for 1 klasse og eldre frå skulestart. Første del av høsten består av rulleskitrening/ rulleskileik. Barmarksperioden går frå høstferien til snøen kjem og når vi har snø er det full fart på ski. Styrketrening i MLH går frå skulestart til vinterferien.

Tirsdager skitrening, onsdager styrketrening, torsdager skiskyttetrening

Midt Norsk: 5 løpere

Hovedlandsrenn langrenn 1 løper

Hovedlandsrenn skiskyting 0 løpere

Junior NM 1 løper

Liatoppen skiskyttarfestival 9 løpere, to stafettag frå Valldal.

## **Resultat**

Junior NM

Hovedlandsrenn

Midt Norsk

SBM cup

Liatoppen skiskyttarfestival

## **Økonomi**

Hovudtal	2014	2015	2016	2017	2018
Inntekter	1 214 901	838 428	315698	270 494	313 972
Utgifter	1 712 652	258 839	309 430	311 153	297 254
					16 716

Ved årsavslutninga har gruppa inneståande i bank kr 16 248 (31.12.18)

I tillegg har skigruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Skigruppa har pr 31.12.18 gjeld på kr 0.

Tilgodehavende lån til skileikanlegg, utviding av lysløype kr 70.000

Viktige inntektskjelder:

Inntekter på arrangement, programhefte (annonsesal), sponsorar, gåvemedialar

Dei største utgiftspostane: Drift av utstyr og anlegg

### **"Verd å nemne"**

Valldal il arrangerte Midt Norsk Mesterskap på ski for aldersgruppa 13 - 16 år 3 - 4 februar 2018. Det var ca 160 deltakere og arrangementet ble gjennomført prikkfritt og det var mykje gode tilbakemeldinger. Veret og snøforholda var perfekte.

Høsten 2018 ble Valldal il kåret til årets langrennsklubb av Norges skiforbund

## **ÅRSMELDING 2018 VALLDAL IL - TRIM**

### **Styret i Trimgruppa består av:**

- Andreas Håvoll (Leiar) Valgt for 2 år
- Maria Dvergsdal (Nestleiar) Valgt for 2 år
- Jørg Barthel (Kasserar) Valgt for 1 år
- Kari Ulvestad (styremedlem) Valgt for 2 år
- Vivian Skretteberg (Styremedlem) Valgt for 2 år
  
- Torgeir Myklebust 1. Vara Valgt for 2 år
- Anne Merete Øybrekken 2. Vara Valgt for 2 år

### **Styrearbeid:**

Styret har i 2018 hatt 3 styremøte.

### **Arrangement i 2018:**

Vi arrangerte Sykkeltrim 1 mai 2018, og heile 199 personer deltok. Noko som er ny rekord! Fjelltrimmen 2018: Vi fekk nye koder ut tidlig. Og der vart solgt en del trimkort (usikker på kor mange), og noe vart også delt ut som premiar på Sykkeltrimmen.

Vi fekk inn igjen 4 trimkort for barn og 15 trimkort for vaksne.

Vi arrangerte nyttårsmarsj 1 januar 2019. Tross i att veret ikkje var på topp så kom det litt over 10 personar.

### **Økonomi:**

Pr 31.12.18 står det 53.792,- på Trimgruppa sin konto.

### **Arbeidsplan:**

Med få personar, spesielt barn som er med i fjelltrimmen. Bør vi sjå på om det er noko vi kan gjere for og få med fleire i fjelltrimmen.

Styret har ingen konkrete planar så lang. Men vi vil jobbe med dette.

Andreas Håvoll, styreleiar Valldal IL Trimgruppa.